

Kari Rougne
Vulkan 32
0178 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/3684 - 21/83268

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.no

Dato:
09.12.2021

Tillatelse til utslipp av avløpsvann - Slamavskiller - gbnr 355/22 Skjelanger

Administrativt vedtak: **Saknr: 1326/21**

Byggestad: Gbnr: 355/22 Skjelangervegen 1007
Tiltakshavar: Kari Rougne
Ansvarleg søker: Jens H N Bjordal
Type utslepp: Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

VEDTAK

Det vert gjeve utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr 355/22 på følgjande vilkår:

1. **Tilkopling til slamavskiljar på gbnr 355/7. Restutsleppet frå slamavskiljaren skal førast i tett leidning til sjø som omsøkt og vist på kart.**
2. **Utsleppet frå eideomen vert gitt for 3 pe.**
3. **Slamavskiljaren må plasserast slik at avstand til plass med mogelegheit for parkering av tømmebil vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget må då ikkje leggjast lågare enn at løftehøgda til tømmebil (ikkje overstig 8 meter).**
4. **Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.**
5. **Eideomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.**

- 6. Tiltaket er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.**
- 7. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.**

Vedtaket er hjemla i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr. 355/22.

I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eideommen skal koplast på eksisterande slamavskiljar på gbnr 355/7 før utsleppet vert ført vidare i tett leidning til utsleppsleidning som går til sjø. Storleiken til utsleppet er opplyst til 3 pe. Det vert elles vist til søknad mottatt 23.04.21 og supplert 19.11.21.

Planstatus

Eideomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Uttale frå anna styresmakt

Alver kommune har vurdert om saka må sendast på høyring og finn at det ikkje er særlege forhold i denne saka som inneber at saka må sendast på høyring.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 21.04.2021.

Reinseløysing

Utsleppet frå eideomen skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført vidare i tett leidning til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Drift og vedlikehald

Eideomen skal inngå i kommunal slamtømmeordning.

Forskrifta gjeld for heile kommunen med unntak av:

Veglause grender og øyar og eideomar som elles ikkje er tilknytt offentleg vegnett

Eideomar der tømmetanken ligg lengre enn 100 meter frå køyrbar bilveg

Eideomar der tømmetanken ligg lågare enn 8 meter frå køyrbar bilveg.

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tømmast heilt for slam etter **behov**, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf forureiningsforskrifta § 12-13.

Privatrettslege tilhøve

Avløpsanlegget er plassert på naboeigedomen gbnr. 355/7. Utsleppsleidningen går over gbnr. 355/22, 355/7, 355/13, 355/63 og 355/64 fram til sjø.

Det ligg føre skriftleg avtale datert 14.10.21 mellom tiltakshavar Kari Rougne og eigar av gbnr 355/1, Bernt-Johan Skjelanger, om rett til tilknytning og vedlikehald av privat avløpsleidning til sjø som vist på kart datert 21.04.2021.

Avtalar om plassering av anlegg og leidningar på privat eigedom og rett til bruk av privat avlaupsleidning bør tinglysast på eigedomane.

VURDERING

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik han ligg føre med utslepp via slamavskiljar til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Kommunen legg til grunn at eksisterande utsleppsleidning er i forskriftsmessig stand og at anlegget kan inngå i den kommunale slamtømmeordninga på ordinære vilkår.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart mottatt 21.04.2021.

Godkjenning etter andre lovverk

Etablering av avlaupsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova kap 20. Søknad om løyve til etablering av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova vert handsama i eige vedtak i saksnr. 21/4024.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forurensningsloven § 85](#) 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er Statsforvaltaren klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen

skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løvvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablera utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphør av løvvært

Kommunen er forureiningsstyremskt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgt.

Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføre tilsyn med avlaupsanlegga.

Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si ytинг/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekka kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyretemakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/3684

Med vennleg helsing
Alver kommune

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bernt-Johan Skjelanger

Paradisvegen 9 5917

ROSSLAND

Mottakrar:

Jens H N Bjordal

Grønlandsvege 5918
n 11

FREKHAUG

Kari Rougne

Vulkan 32 0178

OSLO

